

Grunneigarar, naboar,
og private høyringsinstansar.

Vår ref.: 2026-04 Rovde brygge

Dato: 12.05.2026

VARSEL OM OPPSTART PLANARBEID – REGULERINGSPLAN FOR ROVDE BRYGGE DEL AV 115 BNR.4 M.FL - VANYLVEN KOMMUNE.

I medhald av plan og bygningslovens (PBL) §§ 12-1, 12-3 og 12-8 blir det med dette varsla om at det vert sett i gong privat planarbeid for eigedomen som nemnt i overskrifta.

Planområdet

Varslinga gjeld utarbeiding av detaljreguleringsplan for eit nærare avgrensa område av gnr. 115 bnr. 4 på Rovde i Vanylven kommune. Planområdet er avgrensa som vist med stipla linje på vedlagt kartutsnitt. Området omfattar eit areal på om lag 14.2 daa. Området er avsett til føremål fritidsbustad og småbåthamn i gjeldande kommuneplan. Planarbeidet vil difor vere i samsvar med kommunen sine føringar. Det eksisterer i dag ingen reguleringsplanar i dette området.

Formålet med planarbeidet

Formålet med planarbeidet er utarbeiding av detaljreguleringsplan med formål om å utvikle området til fritidsbustader, køyreveg, infrastruktur, parkering, bubilparkering, friområde, småbåthamn i sjø, friluftsområde sjø, grønstuktur m.m. Det vil bli utført ei enkel ROS-analyse i samsvar med planarbeidet som skal skje etter PBL § 12-3.

Forslagsstillar og grunneigar

Grunneigar er John Runar Aarskog.

Plankonsulent er Aleksander Zahl Tarberg.

Informasjon og medverknad:

Planarbeidet vert kunngjort i lokalavisa og på Vanylven kommune sine nettsider.

Dei som har interesse i planarbeidet kan sende sine synspunkt merka med «Reguleringsplan Rovde brygge» til:

AZ Tarberg Consulting


E-post: tarberg8@hotmail.com

Frist for merknader er satt til: 26.6.2026

Vidare saksgong:

Etter at fristen for å kome med innspel er ute vil sjølve planforslaget bli utarbeidd for deretter å bli sendt Vanylven kommune for sakshandsaming etter plan- og bygningslova. Etter første gongs handsaming i kommunen blir planen lagt ut til offentleg ettersyn. Det vil då vere mogleg å kome med nye innspel til det planforslaget som vert offentleg.

Med vennleg helsing


Aleksander Zahl Tarberg
Plankonsulent
AZ Tarberg Consulting
+ 47 46674461

Vedlegg:

- Kart som viser avgrensing av planområdet
- Planinitiativ
- Referat frå oppstartsmøte Vanylven kommune